



Kulturdepartementet

NOREGS MÅLLAG

POST: Pb. 474 Sentrum, 0105 OSLO
KONTOR: Schweigaardsgt. 16
ORG.NR NO: 970 205 942 MVA
TLF: 23 00 29 30 | FAKS: 23 00 29 31
nm@nm.no | www.nm.no

Dykkar referanse:

Vår referanse:

Dato:

031/12-603 HBØ/GME

7. august 2012

HØYRINGSFRÅSEGN OM FORSLAG TIL ENDRING I LOV OM STADNAMN

Noregs Mållag vedtok høyringsfråsegn på landsmøtet vårt siste helga i april i år. Ved ein lei glipp har ikkje denne vorte sendt vidare til departementet. Vi vonar de likevel vil ta inn den vedlagde høyringsfråsegna på lik linje med dei som vart sende innan 1. august.

Høyringsfråsegna følgjer på neste side.

Med venleg helsing
NOREGS MÅLLAG

Gro Morken Endresen
dagleg leiar

Høyringsfråsegn frå Noregs Mållag

16. april 2012 la Kulturdepartementet fram eit endringsframlegg til lov om stadnamn, som ei oppfølging av stortingsdokument nr. 8:58 (2007–2008).

Landsmøtet i Noregs Mållag, samla til møte 27.–29. april 2012, meiner det er bra at skrivemåten av gardsnamn framleis skal fastsetjast av Statens kartverk, fordi dei er stadnamn og kulturminne med interesse for alle. Derimot meiner vi det er svært uheldig at eigar eller festar av bruk skal ha «det avgjerande ordet i saker som gjeld bruksnamn» (framlegg til endring i § 6).

Det er rettnok teke atterhald i § 8: Bruksnamnet kan få ein annan skrivemåte enn gardsnamnet dersom «eigar eller festar kan dokumentere at denne skrivemåten har vore i offentleg bruk».

Bakgrunnen for kravet om at eigar eller festar skulle kunna vera med og fastsetja gards- og bruksnamn, er at mange ikkje skil mellom slektsnamn og gardsnamn/bruksnamn. Slektsnamn med opphav i gards- eller bruksnamn blir ofte skrivne slik desse vart nedteikna til dansk av prestar og futar på 1500–1800-talet, medan stadnamna altså følgjer lokal uttale og dagens skrivereglar.

Me ser fleire uheldige konsekvensar av dette lovframlegget:

- Det verkar forvirrande og rotete med mange ulike skrivemåtar av bruksnamn med opphav i same gardsnamn, t.d. Vik, Wiik, Vig, Vigh osv.
- Forvanska skrivemåtar som ikkje støttar opp om lokal uttale av eit stadnamn, kan fort føre til at uttalen endrar seg, og stadnamnet som kulturminne blir borte.
- I mange tilfelle kan det vera vanskeleg å skilja mellom gard og bruk.
- Det kan vera tvil om kva som skal godtakast som «offentleg bruk» av eit namn, og som kan danne grunnlag for å endre skrivemåten av namnet på bruket (jf. endringsframlegget til § 8).
- Det at brukaren skal avgjera namnet på bruket, kan føre til at eit bruk får endra skrivemåte frå ein generasjon til neste.
- Formuleringa i § 6 om at eigar/brukar skal ha det avgjerande ordet i saker som gjeld bruksnamn, synest å stå i motstrid til formuleringa me siterer frå § 8. Det kan fort føre til strid om korleis lova skal praktiserast.

Dei norske stadnamna, inkludert gards- og bruksnamn, er vår felles eige. Noregs Mållag meiner at stadnamnlova slik ho er i dag, forvaltar gards- og bruksnamn på ein framifrå måte. Ho vernar om namna som kulturminne og sikrar den lokale uttalen, som er ein del av den immaterielle kulturarven vår. Me ber derfor Stortinget om ikkje å gjera endringar i stadnamnlova, men halde på namnefastsetjinga slik ho er i dag.